

Retningslinjer – Tilskot til «Vår veke» og markering av Frivilligheita sitt år 2022 i Møre og Romsdal

Retningslinjene vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet i møtet 30.11.2021 i sak KNF-119/21.

Søknadsfrist: 28.02.2022

Målsetning for ordninga:

Frivilligheita sitt år skal medverke til å vise kva frivilligheita betyr for Noreg. Vi skal fjerne barrierar som enkelte kan ha for deltaking i frivillig aktivitet, vi skal auke deltakinga, og synleggjere frivillig sektor sin betydning i samfunnet.

“Vår veke” skal løfte fram frivilligheita i Møre og Romsdal, og bidra til markeringar over heile fylket i veke 23, 2022.

Støtteordninga har som formål å synleggjere den frivillige innsatsen, og auke kunnskapen om organisasjonane med mål om auka rekruttering til, og deltaking i frivillig verksemd. Ei prioritert målgruppe skal vere barn og unge. Arrangement og aktivitetar skal skje i «Vår veke», i veke 23 i 2022.

Storleik på tilskotsordninga: 500 000 kroner

Kven kan søke:

- Regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar i Møre og Romsdal
- Søkjar må vere registrert i Brønnøysundregisteret eller Frivillighetregisteret.

Desse kan ikkje søke

- Politisk verksemd
- Humanitær verksemd
- Organisasjonar eller aktørar som samlar inn eller vidareformidle midlar
- Organisasjonar eller aktørar som fremmer egne medlemmer sine interesser
- Trussamfunn og anna religiøs verksemd

Kva kan det søkast tilskot til

- Arrangement og aktivitetar i «Vår veke», i uke 23 i 2022
- Arrangement og aktiviteten skal synleggjere den frivillige innsatsen, og/eller bidreg til å auke kunnskapen om organisasjonane med mål om auka rekruttering til og deltaking i frivillig verksemd.
- Ei prioritert målgruppe skal vere barn og unge.
- Dei regionale-/fylkesledda bør involvere fleire av dei lokale ledda i sitt arrangement/aktivitet, og det er moglegheit til å formidle midlane ut til lokale ledd.
- Eksempel på arrangement og aktivitetar er møteplassar, «frivilligtorg/dagar» og rekrutteringsdagar.
- Det vil vere ein fordel om arrangementa og aktiviteten er eit samarbeid mellom ulike organisasjonar og/eller kommunen aktiviteten skal gjennomførast i.

- Det vil verte lagt vekt på at arrangementa er tilgjengelege for alle, og at universell utforming er ivareteke så langt det let seg gjere.
- Arrangement og aktiviteten må vere rusfritt.

Støttenivå

Inntil 50 000 kroner per arrangement/aktivitet. Søknadssummen på tilskotet skal ikkje overskride 50 prosent av totalbudsjettet på arrangementet/aktiviteten.

Organisasjonane kan stille med eigenkapital anten i form av dugnad eller pengar. Med dugnad kan ein berekne ein sats på 350 kroner per time.

Det kan ikkje bli søkt støtte til:

- Ordinær drift
- Ordinære marknadsføringskampanjar
- Innkjøp av IKT-utstyr, og anna utstyr
- Tiltak eller arrangement som er del av til dømes ein festival som søkjar allereie arrangerer
- Arrangement som allereie mottek støtte frå Frivillighet Norge si ordning «Vår dag»-arrangement.

Søknaden skal innehalde:

Ei kort skildring av prosjektet, og kven som skal vere involverte.

Budsjett- og finansieringsplan for tiltaket.

Økonomi

- Av det samla offentlege tilskotet, kan fylkeskommunen sitt bidrag maksimalt utgjere 50 prosent av prosjektet sitt totalbudsjett.
- Søkarar som får kompensasjon for meirverdiavgift (mva.), skal oppgi beløp eksklusiv mva. i søknaden. Dersom dette ikkje blir gjort, skal det som eventuelt er utbetalt for mykje (tilsvarande kompensasjonen) betalast tilbake.
- 75 prosent av tilskotet blir utbetalt ved tildeling og 25 prosent blir utbetalt etter godkjent sluttrapportering (leverast som anmodning om sluttutbetaling).
- Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje pliktig til å sjå til at søkar handlar i tråd med Lov om offentleg anskaffelse (LOA) og Forskrift om offentleg anskaffelse (FOA), men vi føresett at søkar set seg inn i reglementet når det er nødvendig.

Fylkeskommunen kan krevje tilskot tilbakebetalt

- Tildelinga gjeld det som er beskrive i søknaden og vilkåra i tildelingsbrevet. Dersom tiltak i søknaden blir endra utan godkjenning, kan vi trekke tildelinga tilbake.
- Dersom ein søkar gir ufullstendig eller feilaktige opplysingar i søknaden, og dette fører til at det blir utbetalt ugrunna eller for mykje, kan tilskotet heilt eller delvis bli kravd tilbake
- Dersom fylkeskommunen utbetaler feil beløp, skal det som eventuelt er utbetalt for mykje betalast tilbake
- Dersom de ikkje oppfyller vilkåra og rapporteringskrava, kan vi trekke tilskotet tilbake.

Synleggjering

Det er et krav at mottatt støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal synleggjerast i program, informasjonsdokument, rapportar, på plakett og liknande.

Det skal komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Tilgjengeleggjering

- Kulturinstitusjonar og -organisasjonar skal legge til rette for følge med godkjent bevis (følgekort eller ledsagerbevis).
- Tiltak som får tilskot skal så langt som råd vere opne og tilgjengelege for alle, og byggje på prinsippet om universell utforming.

Krav til rapportering

- Etter at tiltaket er gjennomført, skal de levere ein sluttrapport til fylkeskommunen, som skal synleggjere at arbeidet er utført i samsvar med vilkåra for tilskotet. Sluttrapporten skal føreligge seinast tre månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Rapportering blir omtalt som «anmodningar» i Regionalforvaltning.
- For å få sluttutbetalt må de sende ei utbetalinganmodning i Regionalforvaltning. Logg inn på www.regionalforvaltning.no, finn søknaden som er innvilga og be om del- eller sluttanmodning (ikkje MRS-rapport). Følg rettleiinga og last opp vedlegg.
- Det er krav om føring og revisjon av rekneskap. Års-/sluttrekneskap skal vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore delaktig i føringa av rekneskapen. Dette gjeld for tildelingar under 200 000 kroner årleg.
- For tildelingar over 200 000 kroner er det krav om autorisert revisor. Unntatt frå dette kravet er verksemder som bruker kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan. Dokumentasjon frå revisjonsorgan skal leggest ved rapporteringa.
- Beskriv i rapporten korleis de har synleggjort mottatt støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune i program, informasjonsdokument, rapportar og liknande.
- Det skal komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kontroll

Fylkeskommunen skal kunne kontrollere at de bruker eller har brukt midlane etter vilkåra. Søkar plikter på førespurnad å legge fram alle opplysningar som er nødvendig for at fylkeskommunen kan gjennomføre ein slik kontroll.

Klagerett

Vedtak om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at det ikkje er klagerett på dette vedtaket etter reglene i lova.